

Til medlemmane i Fylkesutvalet.

Kopi til Fylkeskulturutvalet

Kulturtilboda i Sogn og Fjordane

Vi har stor forståing for at politikarane i fylket står i ein vanskeleg situasjon på grunn av endringar i dei økonomiske rammene for fylket.

Bakgrunnen for dette skrivet er uro over kutt i rammene for kulturarbeidet i fylket. Fleire kulturaktørar i fylket har gått saman om dette skrivet for å utfordre dykk som politikarar å sikre at fylket framleis kan vere eit fylke med rom for ambisiøs satsing på kultur, trivsel og oppvekst.

Trivselsfylket, Sogn og Fjordane, har i dag ein flott flora av kulturtilbod. Dei ulike institusjonane dannar saman eit stort nettverk som gjer at fylket med rette kan kalle seg for eit trivsels- og kulturfylke. Summen av alle institusjonane gjev ei unik breidde. Saman dannar kulturinstitusjonane eit stort nettverk der alt heng saman. Dersom ein del av dette nettverket vert teke bort eller vesentleg svekka vil det ha konsekvensar for andre delar.

Frivillig arbeid er ein bærebjelke i samfunnet vårt. Sogn og Fjordane er eit føregangsfylke på dette området. Festivalane og kulturinstitusjonane i fylket er viktige arenaer for at menneske skal kome saman og kjenne fellesskapet i det å skape nok i lag. Dette gjev dimensjonar til livet som er med å gje innhald til Sogn og Fjordane som trivselsfylke. Å gje framtidige generasjonar erfaring med kva dugnad og frivillig arbeid betyr for eit samfunn er ein stor verdi i seg sjølv. Frivillig arbeid over tid er avhengig av samarbeid med profesjonelle aktørar, både som instruktørar og framførings- og læringsarenaer.

Det er eit tett samarbeid mellom mange kulturinstitusjonar og fleire skular i fylket. Festivalar og kulturarrangement er viktige læringsarenaer for mange ungdommar. Å få lov til å opptre i eit profesjonelt arrangement og ikkje minst saman med profesjonelle arrangørar og aktørar gjev unik motivasjon og erfaring for den enkelte ungdom. Kulturinstitusjonane er difor svært viktig for ungdommar som ynskjer å utvikle seg innafor kulturfaga, det vere seg som utøvande eller som produksjonsarbeidarar og arrangørar. Dei ulike arrangørane i fylket er svært profesjonelle og har bygd seg opp arrangørkompetanse og produksjonskompetanse som er unik. Denne kompetansen grip inn i mange fag i skulen og gjev mange spennande faglege kombinasjonar.

Dei ulike kulturinstitusjonane i fylket er opptekne av å utvikle seg vidare. Dette vert gjort gjennom å utvikle kontaktnett lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Her er mange spennande planar om vidareutvikling av samarbeid mellom ulike kulturinstitusjonar. Skal dette kunne skje treng vi gode rammer og handlingsrom. La oss få mulighet til å fortsetje den spennande utviklinga.

Sogn og Fjordane fylke treng optimisme og framdrift. Satsing på trivsel, kultur og oppvekst handlar om nettopp dette. Vi ber om at de som er politikarar fortset å prioritere slik at fylket kan profilere seg og vere ambisiøs på desse områda

Vi trur at satsing på trivsel, kultur og oppvekst vil vere sterke kort å ha med seg i arbeidet med å få fleire til å flytte til fylket

Med helsing

Opera Nordfjord – Kari Standal Pavelich
Norsk Countrytreff – Eva Hage Solstad
Gloppen musikkfest – Hanne Oftedal
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival – Hilde Bjørkum
Sogn og Fjordane teater – Terje Lyngstad
Sogn og Fjordane kulturskuleråd – Grete Berntsen
Firda vidaregåande skule – Hallgeir Hansen
Norges Korforbund Sogn og Fjordane – Marianne Hoff
Sogn og Fjordane Folkemusikklag – Ingrid Heieren
Teaterfestivalen i Fjaler – Torkil Sandsund
Jølster Jazzfestival/jazz på Jølst – Marit Hartvedt